



Vestland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar: 2023/68858-1
Vår: 20/825 - 23/18629

Saksbehandlar:
Arnstein Øvsthus
arnstein.ovsthus@osteroy.kommune.no

Dato:
21.08.2023

Informasjon om stein til Fylkesvarden - Osterøy kommune

Her er saga om steinen frå Osterøy kommune:

Steinen frå Osterøy kommune er ein kalkstein som er henta frå Skaftådalen og kalkgruvene der som var i drift mellom 1870 og 1961. Totalt vart det i desse åra tatt ut omlag 4 millionar tonn kalkstein.

Etter bybrannen i Bergen i 1855 vart det stilt strengare krav til at nye bygningar skulle reisast i stein og ikkje trevirke. Då vart det ein stor etterpurnad etter blant anna kalk, og denne etterspurnad ville ein mann med namn Paul Gottlieb Rieber møte.

Han reiste difor rundt om utanfor Bergen for å finna berg som var rike på kalk. Her oppdaga han Skaftå og sett i 1870 i gong med gruvedrift. Seinare vart kalken frakta til Odda som ein viktig ingrediens i oppbygginga av den elektrokjemiske industrien der. Kalken vart då frakta frå Sørfjorden ved Osterøy, til Sørfjorden ved Odda og båten som frakta kalken heitte SØRFJORD.

Steinen representerer starten på industritida på Osterøy. Steinen står no i Vestlandsvarden og heldt oppe andre steinar, på same måte som kalksteinen frå Skaftå i si tid både var med å halda oppe storbyen Bergen og storindustrien i Hardanger.

Med helsing

Arnstein Øvsthus
kommunalsjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Lasse Kolbjørn Anke Hansen